



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for november 2015.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK

Årgang 51



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.

President: Bernhard Harkjerr
Visepres: Eileen Brandal
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Øystein Alme
Styremedlem: Sverre J. Ulstein
Styremedlem: Hanne Rognan
Ansv.red.: Karin S. Holstad
Referent: Gunnar Riise

Løvfald

Om Høsten gjærer der i Træets Kviste
En stille Spirekraft, en lønlig Glød;
Bag gulnet Løv er der en Kime fød,
Og da maa Træet sine Blade miste.

Dryadens Savn var lettet, da hun vidste,
At Livet atter steg fra hendes Skjød;
Hun følte det, da Høst-Orkanens Stød
Forkyndte vildt den Sorg, hun skulde friste.

O, søde Billed i det mørke Veir:
Der er en Vinding og en Trøst forborgen
I hvert et Tab, i hvert et Sorgens Bud.

Det suzkne Mod kan tænke paa en Seir,
Og vente Straalerne fra Vaarens Morgen,
Og holde Vinternattens Kvaler ud.

Johan Sebastian Welhaven

Møte 02.11-15.

Presidenten ynskete velkomen til første møte i november. Som vanleg opna vi med ein song, og denne dagen valde songleiar Hans Gisle ut "Norge mitt Norge".

Presidenten orienterte om at neste møte vert røyrafest på klubbhuset, han vil sende ut mail om dette med påmelding innan onsdag 04.11.

Karin orienterte oss så om at ho snart reiser til Andesfjella i Peru i lag med Erna Berg Rogne i samband med det prosjektet Erna har der borte, Mamma Klara. Dette prosjektet går ut på å hjelpe fattige born som bur der. Erna var i klubben vår og fortalde om prosjektet i 2014, og klubben støtta henne også med kr. 5.000,-.

Karin skal vere der borte i 14 dagar. Ho prøver å få samle inn effekter ho kan ha med til borna, og har fått sju drakter frå Hødd, og ei dame i Ålesund har skaffa tilsvarande frå ÅFK. I tillegg har ho strikka huer og vottar som ho skal ha med seg.

Kristian Fuglseth var dagens føredragshaldar, og tema var identitet og kva som gir det.

Han konsentrerte seg om språket som identitetsberar og korleis dette har utvikla seg over tid. Vi lever i ei tid der folk er opptatt av språket, kven vi er, kvar vi kjem frå og kvar vi skal. Vi har i dag to sidestilte språk. I 2013 feira vi språkåret, 200 år sidan Ivar Åsen vart fødd. Målrørsla har hatt sterk auke i medlemstalet med 13000 nye medlemmer.

Det er i dag ca. 700000 som brukar nynorsk.

I grunnlova frå 1814 vart det sagt at det skulle vere eitt språk i Noreg, og det skulle vere dansk, for det var stor frykt for at det skulle bli svensk, då vi ikkje hadde noko norsk skriftspråk. Nordmenn reiste til Danmark og fekk utdanning og også svært ofte ektefelle. Men det var stor uro for å få svensk språk i Noreg. Dansk vart derfor definert også som norsk, og fram til 1880-90 vart reint dansk brukt.

Men Ivar Aasen tok til å reise rundt og granske det norske folkemålet allereie på 1840-talet. Han fekk stipend og reiste rundt i fire år, seinare reiste han nesten kvar sommar og besøkte i løpet av desse åra nesten heile landet. Han gav etter kvart ut både ordbok og grammatikk på landsmål (seinare nynorsk).

Riksmålet vart første gong nemnt i 1899. Men først i 1919 kom første boka på riksmål. Riksmål og dansk vart brukt parallelt fram til mellomkrigstida. Det var

mange alternativ som vart vurderte, det som vann fram, var ei fornorsking av det danske språket. Men landsmål/nynorsk fekk stadig fleire brukarar.

Etter krigen og utover var det vanleg at dei som reiste til Oslo-området la om dialekta si, også dei som skulle snakke i radio, men dette endra seg etter kvart, og i dag brukar ein i stor grad dialekt.

Føredraget vart avslutta med ei spørsmålrunde, og mange hadde innspel og synspunkt på dette feltet.

Møte 09.11.15.

Røyrafest.

Presidenten ynskete velkomen til den årvisse røyrafesten.



Innleiingsvis las Vigdis dikt, og deretter song vi for maten.

Etter måltidet takka presidenten komiteen, med Jørn i spissen, for eit velsmakande og godt røyramåltid. Røyren i år var større enn det han har vore tidlegare, så oppveksthøva og mattilgangen i Snipsøyrvatnet har tydelegvis vore god. Til slutt las Vigdis eit nytt dikt med tema november, før presidenten takka for frammøte og ynskete vel heim.

Møte 16.11.15.

Presidenten opna møtet og ynskte velkomen. Opningsong "Mellom bakkar og berg"

Dagens tema var Rise Bygg AS v/Peter Rise.

Starten var i 1977, då starta Kjell Bjørn Rise og Lidvar Rise, Rise Byggelag. I 1990 vart det Rise Bygg AS, og medlem i Byggfag AS, som er ei byggvarekjede som består av 21 medlemsbedrifter frå Sogn til Normøre.. I dag er R.B eit aksjeselskap eigd av Kjell Bjørn Rise, Lidvar Rise, Ole Pedersen, Peter Rise og Per Johan Rise. Dei har i dag 32 fast tilsette innan tømrar og betongavdeling. Med innleigde er dei totalt ca. 40 personar.

Dei har gått frå bygging av bolighus i starten til stadig større prosjekt, og som hovud- og totalentreprenørar.

Første store prosjekt var Hadartun m/ombygging.

Omsetninga har auka frå ca. 18 mill kr. i året i 2003 til nesten 100 mill kr. dei tre siste



åra. Det at dei no har ei eiga betongavdeling gjer at dei kan ta på seg større oppdrag med både hovud- og totalentreprise, medvikande her er også ein god arkitekt og konsulentkompetanse lokalt. Det aller meste av oppdraga dei har hatt, er innanfor fem km frå basen deira på Rise.

Prosjekt dei jobbartmed no er Hareid Group sitt nye bygg på Indre Hareid, Larsnes Brygge, Strandgata 99 på Hareid og ein bustadprosjekt på Moltu.

Av tidlegare prosjekt kan m.a. nemnast

Ishavsmuseet, Øyehol Brygge, Teigane Terrasse, Megata og Flotane på

Hareid, og i Ulsteinvik Hødd Arena, Ulmatec, Rome 1, 2 og 3, Borgstein, Ahlsell og Sjøborg. Grunnen til at dei har gått frå ein bustadar til større prosjekt er fleire, m.a. at dei har betongavdeling og at dei kan ta på seg hovud- og totalentreprise og sjølv sagt også det økonomiske, at dei har moglegheit til betre inntening.

Og så har det opna seg mulegheiter når andre har gått dukken, til det markedet dei er inne i no. Vidare har det vorte ein stadig tøffare marknad på mindre byggeoppdrag og ein bustadar, der det er sterk konkurranse frå utanlandske arbeidarar og firma. Garantiansvaret dei har i samband med større byggeoppdrag, begrensar moglegheita til å ta på seg store nye oppdrag i for stort omfang, då garantiansvaret dei tek på seg, går på belastning av låneramma dei har i bankar, då det blir rekna som lånekapital.

Rise avslutta med å sjå litt framover og meinte at vi går ei meir usikker framtid i møte også innan byggebransjen på grunn av ein meir usikkert arbeidsmarknad.

Møte 23.11.15.

Presidenten ynskte velkomen til nytt rotarymøte, og til opning song vi "Dei gamle fjell i syning om".

Dagens tema var Ressurssenteret på Hareid, og den som skulle fortelje om det, var rektor Trine Pilskog.

Ho fortalde først litt om seg sjølv og kva ho har drive med før, m.a. om tidlegare friidrettskarriere, studier i USA og 5 år i Italia i samband med friidrett. Deretter var ho Nav-leiar i 7 år i Sande kommune.

Ho tok til som rektor ved Ressurssenteret i Hareid hausten 2014 og overtok jobben der etter Arild Grimstad.

Ressurssenteret held til i andre etasje i Trelastbygget på Hareid, og har ansvaret for vaksenopplæringa i Hareid. Hovudsakleg gjeld dette norskopplæring for flyktningar og andre innvandrar (t.d. arbeidsinnvandrarar), grunnskule for vaksne og spesialundervisning for vaksne. I tillegg til dette har Ressurssenteret ansvaret for gjennomføring av introduksjonsprogrammet for flyktningar. Dette er eit program som skal førebu deltakarane til vidare skulegang eller arbeidsliv.

Nokre år hadde Ressurssenteret også ansvaret for norskundervisninga for invandrarar som var busette i Ørsta og Volda, men dei har no teke over dette sjølve.

Andre tenester: Kunnskapsprøve i alkohollova, etableringsprøve for serviceverksemder, kurs i framandspråk.

